



Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 SANDANE

Vår dato:

13.03.2023

Vår ref:

2023/1036

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Tilbakemelding etter kommunemøte med Gloppen kommune 2023

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Gloppen kommune på Sandane 14. februar 2023. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt forebudd innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sett på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane. Kommunebildet har nøkkeltal med relevante faktaopplysningar og embetet sitt inntrykk av kommunen som heilskap og for kvart fag- og forvaltningsområde. Vi brukar ein trafikklysmodell for å visualisere inntrykket vårt av dei enkelte teneste- og forvaltningsområda. Vurderingane som ligg til grunn for «trafikklysa», er bygt på kvalitet, sårbarheit og berekraft. Dette blir sett i samanheng med framtidsperspektivet, utfordringar og handlingsrom for det enkelte området.

Statsforvaltaren førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For kommunen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje viktige signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

I kommunebildet for Gloppen er informasjon som er henta frå offentleg statistikk, bygt på tilgjengelege data per desember 2022. Det betyr at sentrale nøkkeltal er frå 2021 og tidlegare.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver- og roller til kommunane:

- tenesteytar og myndighetsutøvar
- styring og forvalting
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.



Etter møtet med Gloppen har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling.

Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Dialogtema var knytte til berekraftige tenester med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse, omsorgstenester med heiskapleg berekraftig planlegging, kommunehelsenesta, folkehelsearbeid i plan og førebyggjande arbeid, sosialområdet med tverrfagleg arbeid for å førebyggje utanforskaps, barnevern og tverrfagleg arbeid og eit godt og inkluderande læringsmiljø i skulen.

Etter starten til samhandlingsreforma i 2012, har tenesteområdet helse- og omsorg vore gjennom ei lengre tid med omstilling og tilpassing ut frå endringar behovet for tenester til innbyggjarane. Sjølv om kommunen har eit godt utgangspunkt med god sjukepleiardekning, er det press på, og utfordringar med, å ta i mot pasientar etter utskrivingar frå spesialisthelsetenesta. Saman med at det blir fleire eldre innbyggjarar som har behov for helse- og omsorgstenester, vil det samla sett bli krevjande å ha tilstrekkeleg kapasitet og rekruttere fagpersonale med relevant kompetanse. Dette vil sette krav til organisatorisk utviklingsarbeid for å prioritere ressursane best mogleg, med mål om å gje gode og hensiktsmessige tenester etter ulike behov til brukarane. Eit tiltak i denne samanhengen er å bli betre på dialog og medverknad frå innbyggjarane. Det er viktig korleis den enkelte brukar opplever tenestene, og kommunen er i ferd med å gjennomføre ei brukarundersøking for pleie- og omsorgstenestene. Kommunen meiner òg at staten tydlegare må følgje opp med tiltak, og at ein i eit samarbeid mellom kommunane og staten er godt førebudde på å løyse utviklinga med auka press på helse- og omsorgstenestene. Sentralt i dette arbeidet er den nylege avgjorte NOUén 2023: 4 - *Tid for handling – Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste*.

I vurderinga av kommunehelsenesta i kommunebildet har vi lagt vekt på tal årsverk for fastlegar, medan kommunen meiner at utviklinga av tal fastlegar er like avgjerande for tenesta. Det har vore ein reduksjon på fastlegeårsverk siste året, medan kommunen opplyser at tal fastlegar har vore stabilt, og alle innbyggjarane i kommunen har fastlege, slik det har vore dei siste åra.

Kommunen opplever at det er vanskeleg å rekruttere i jordmortenesta. I vår vurdering av jordmortenesta, har vi etter informasjon frå Kostra registrert at barselkvinner ikkje får tilbod om heimebesøk av jordmor innan tre døger. For jordmortenester nyttar Gloppen «*God start*» tilbodet, som er etablert ved Nordfjord sjukhus. Her har alle fødande oppfølging frå jordmor. Men tilbodet blir ikkje etter Kostra registrert som «heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst».

Etter Kostra-tal skil helsestasjon og skulehelseteneste seg ut med tal årsverk som er lågare enn landet. Kommunen opplyser at talet på årsverk er 1,3 høgare enn statistikken syner. Stillingane er knytt opp til auka kontakt på skulane. Her er det grunn til å kontrollere om stillingane er rett rapporterte i Kostra.

Kommunen har god og relevant kompetanse innan tenester for barn og unge (barnehage, skule, barnevern, sosial og helse), og med kompetanseheving som eit satsingsområde. For desse tenestene er ein òg opptekne av å arbeide tverrfagleg med førebyggjande innsats, men opplever at dette kan vere vanskeleg å få til lokalt. Kommunen ønskjer at Statsforvaltaren har tverrfaglege samlingar for fagområda som gjev tenester til barn og unge. Barnefattigdom er ei aukande utfordring i samfunnet, og kommunen må vere opptekne av tenester med tilbod og tiltak som kan førebyggje og hjelpe dei som kjem i ein slik livssituasjon.



For å vareta eit godt og inkluderande læringsmiljø og at barn får ein god og trygg skulegang, er Gloppen med i eit prosjekt gjennom Læringsmiljøsenteret i Stavanger. Her er det i lag med andre kommunar samarbeid om utviklingstiltak og bruk av konkrete verktøy i kvardagen, også mot mobbing i skulen. Kommunen brukar verktøyet Elevundersøkinga, også for å kartlegge og få informasjon om mobbing i skulen. Men kommunen melder at verktøyet ikkje fungerer godt nok, m.a. ligg det tal og annan informasjon som kommunen ikkje får tilgang til. Dette kan ha med elevane sitt personvern, at ingen skal kjenne igjen det den enkelte elev har svart. Statsforvaltaren registrerer at det er få klagesaker om mobbing frå Gloppen kommune, og vi legg til grunn at slike saker blir løyste lokalt.

Kommunen prioriterer langsiktige tiltak for at deltakarar i introduksjonsprogrammet for integrering skal gå over i arbeid, og har gode tal på dette etter ein periode med integrering på 5 – 10 år.

Styring og forvaltning

Dialogtema var knytte til økonomisk handleevne og berekraft gjennom bruk av finansielle måltal til planlegging og styring av kommuneøkonomien. Gloppen har fått til god økonomistyring innanfor dei rammene kommunen styrer etter, både administrativt og politisk. Men i eit framtidsperspektiv (økonomiplanen 2023 – 2026) aukar gjelda og frie fondsmidlar blir brukte opp. Det er vesentleg at dokumenta for budsjett og økonomiplan er eit godt nok grunnlag for politiske prioriteringar og avgjerder, og i den samanheng er bruk av finansielle måltal viktig informasjon for å nå politiske mål om økonomisk utvikling. Statsforvaltaren vil som tidlegare år gje ei eiga tilbakemelding på vedteke budsjett for 2023 og økonomiplan for perioden 2023 - 2026.

Samfunnsutvikling og demokratisk arena

Dialogtema var knytte til miljømessig og sosial berekraft i planlegginga og tiltak i vassdrag. Samfunnssdelen til kommuneplanen, som vart vedteken i 2018, skal vere eit godt grunnlag for arealplanen. Men kommunen opplever at arbeidet med arealdelen er krevjande med mange ulike interesser, som påverkar både prosessen og innhaldet i planen. Dette utfordrar kommunen både på kapasitet og ha tilstrekkeleg kompetanse til å dekkje dei mange fagfelta som planen omfattar, t.d. naturmangfold og vassforvaltning som vart drøfta som eigne tema. Med forankring i samfunnsplanen har Gloppen under arbeid ein klima- og miljøplan.

Kommunen ønskjer, og ser at det er eit behov for kommunikasjon og rettleiing frå Statsforvaltaren i planarbeidet. Det er òg bra for kommunen at Statsforvaltaren kjem med innspeil når planstrategien blir utarbeidd, og tek ei rolle for samordning mellom statlege etatar i planarbeidet.

Kommunen er vertskommune for det interkommunale avfallsselskapet Nordfjord miljøverk (NOMIL). Kommunen og selskapet er inne i ein prosess for handtering av våtorganisk avfall, om det skal skje til eit nytt lokalt anlegg (biogassanlegg) eller til anlegg som ligg i lengre avstand til kommunen.

Bustadsosialt arbeid

Under open post i programmet var bustadsosialt arbeid tema. Statsforvaltaren orienterte om forsøket i tre fylke over tre år (frå hausten 2021), der strategiske bustadsosiale oppgåver er flytta frå Husbanken til Statsforvaltaren. Vi vil særskilt følgje opp kommunen på dette området, m.a. med eit eige møte med kommunen.

Oppfølging

Som for mange andre kommunar, har Gloppen oppgåver som utfordrar organisasjonen på tilstrekkeleg kapasitet og rekruttering av relevant kompetanse. Særleg gjeld dette sett i samanheng



med demografiske endringar med eit auka behov for helse- og omsorgstenester. Men dette gjer seg òg gjeldande for andre meir spesialiserte tenester, som for barn og unge og kommunal planlegging.

Om kommunen ønskjer det, kan Statsforvaltaren følgje opp og bidra med kommunikasjon og rettleiing innan valde område som

- kommunal planlegging med vekt på klima og miljø
- nettartikkkel på heimesida til Statsforvaltaren om verktøyet Elevundersøkinga
- økonomi med planlegging for bruk av finansielle måltal

Kommunen prioriterer å arbeide tverrfagleg med førebyggjande innsats for barn og unge, og ønskjer at Statsforvaltaren sine fagsamlingar har dette som innhald.

I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet til Gloppen fokusområde etter statlege forventningar, nasjonal politikk og vår kjennskap til kommunen. Desse fokusområda fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil legge særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Gloppen kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

[Kommunebildet for Gloppen er lagt ut på vår heimeside.](#)

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent